



Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Sendt via e-post til postmottak@lindas.kommune.no

Dykkar ref.: 16/2379

Vår ref.: Andreas Moe Larsen

Dato: 04.08.2017

Klage på vedtak om gebyr for reguleringsplan

Det blir vist til Lindås kommune sin handsaming av detaljregulering for akvakulturområde Langøy – Ospeneset, og oversending av vedtak om gebyr 3. juli i år.

Eide Fjordbruk bad i e-post sendt 15. juli om utsett klagefrist for vedtaket til 4. august.

Som grunnlag for vedtaket ligg betalingssatsar vedteke i kommunestyret 15. desember 2016.

Totalt vedteke gebyr er kr 1 362 900. Eide Fjordbruk sin klage gjeld forståinga av punkt 7.2.3 b), som sto for kr 995 500 av gebyrutrekninga. Punktet gjev: «Bygningsareal. For kvar 1.000 m² nytt BRA i oppgitt arealplan, kr 5.500».

Lindås kommune skriv i vedtaket at ein har «... *teke utgangspunkt i dei anlegga som er beskrive etablert i planskildringa, altså høvesvis 6 ringar på Ospeneset og 10 på Langøy og rekna ut byggeareal på bakgrunn av dei måla som er oppgitt der. I tillegg kjem forflåtar og evt forslangar, men her har eg foreløpig vurdert at dette arealet ikkje vert så stort som 1000 m² og samstundes vert vanskeleg å måle, så eg har holdt meg til merdene*».

Betalingssatsane for reguleringsplanar er ikkje lagd med tanke på akvakultur, og kommunen har nytta arealet av fortøyingsrammene som «bygningsareal» (BRA). Eide Fjordbruk er einig i at ein bør setje eit gebyr i tråd med punktet. Ved å nytta arealet innan fortøyingsrammene som grunnlag får ein eit svært høgt beløp, som ikkje vil vera tilsvarande reguleringsplanar på land.

Eide Fjordbruk meiner det vil vera riktigare å nytta arealet i ringmerdane, som er produksjonsarealet til verksemda. Dersom ein nytta 16 ringar av maksimal storleik, vil dette utgjera 51 445 m². Ein vil då få eit gebyr etter punkt 7.2.3 b) på kr 280 500.

Reguleringsplanen er ein av dei første for akvakulturområde i sjø. Dette har ført til trong for fleire prinsippdiskusjonar mellom tiltakshavar og kommune, avklaringar med regionale mynde og meir tid til sakshandsaming. Eide Fjordbruk meiner difor det er rimeleg at Lindås kommune i tillegg tek eit ekstragebyr for akvakultursaker, til dømes kr 100 000.

Dette ville gjeve eit gebyr på totalt kr 747 900. Eide Fjordbruk meiner dette ville vera eit akseptabelt gebyr sett høvesvis kommunen sin ressursbruk.

Eide Fjordbruk vil avslutningsvis takka for ein god dialog med kommunen i saka.

Med helsing
Eide Fjordbruk AS

Andreas Moe Larsen
samfunnkontakt

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan signatur